

Kunstbyen Stavangers mange utfordringar

HELGEINTERVJUET:

Etter 13 år i Bergens kunstliv, skal Jane Sverdrupsen leia Rogaland kunstsenter. Kva kan kunstbyen Stavanger læra av kunstbyen Bergen?

Jan Zahl

Journalist
jan.zahl@
aftenbladet.no



Jarle Aasland

Fotograf
jarle.aasland@
aftenbladet.no



– Bergen har eit sterkt vitenskapleg miljø for biletkunst ved universitetet som påverkar kunstscenen i byen. Eit slikt fagleg universitetsmiljø har ikkje Stavanger, seier Jane Sverdrupsen.

Etter å ha starta så smått alleireie i sommar, tok ho 1. oktober over på fulltid som ny dagleg leiar for Rogaland kunstsenter. Senteret ligg – enn så lenge – på Nytorget i Stavanger, men har heile fylket som ansvarsområde i sitt arbeid med visuell kunst.

Sverdrupsen, opphavleg frå Karmøy, har ein mastergrad i kunst frå Kunsthøgskolen i Bergen, i dag Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) under Universitetet i Bergen. I Bergen har ho både jobba som frilans kurator, som kunstnar og som kommunikasjonskonsulent på kunsthøgskolen.

– Det var fantastisk å vera kunststudent i Bergen, og også i tida etterpå.

– Så kvifor kom du hit, då?

– Fordi eg fekk ei meir fagleg orientert stilling enn eg hadde på fakultetet. Dette er eit tydeleg steg vidare, svarer Sverdrupsen, før ho legg til:

– Ja, og så har eg jo hatt ein kjærast i Sandnes dei to siste åra, så det var på tide å gjera noko med det.

Sjølv om ho nå dermed bur på Sandnes, har ho framleis leilegheit i Bergen, og planlegg å vera der ein del også framover.

– Bergen har eit veldig godt kunstmiljø. Eg har eit stort nett-

verk der, så det er veldig fagleg relevant for meg å halda kontakten, seier Sverdrupsen.

Nykomarens friske blikk

Som nyinnflytta til Nord-Jæren, har Sverdrupsen nykomarens friske blikk på kunstbyen Stavanger. Og etter 13 år i Bergen har ho eit godt samanlikningsgrunnlag med ein kunstby som sannsynlegvis er meir nærliggjande å samanlikna Stavanger med enn Oslo, med sitt langt større kunstmiljø og nasjonale kunstinstitusjonar.

– Eg har så langt berre eit førsteinntrykk av Stavanger, men ser både likskapar og forskjellar med Bergen, seier Sverdrupsen.

Førsteintrykket av Stavanger er godt, med fleire likskapar til Bergen. I begge byane ser Sverdrupsen eit levande, inkluderande og nytenkjande kunstmiljø der det er godt å vera kunstnar:

– Begge har fleire gode visingsstader for samtidskunst, utstillingar av høg fagleg kvalitet og god variasjon. I begge byane samarbeider ulike aktørar i feltet, som i sin tur styrkar den kunstfaglege utviklinga, seier Sverdrupsen.

Begge byane husar også kvart sitt kunstnarstyrte kunstsenter for kvart sitt fylke. Begge har gode offentlege støtteordningar for kunstnarar, atelierfelleskap som markerer seg og toårige forskular til kunstutdanninga: Kunsthøgskolen i Stavanger og Kunsthøgskolen i Bergen.

Forskjellane

Men dermed har me også kome til ein sentral ulikskap. For om og når studentane ved Kunsthøgskolen i Stavanger vil ta ein bachelorgrad eller ein norsk master i kunst, må ho flytta frå byen og dra til Bergen, Oslo, Tromsø eller Trondheim. Dette er ei klar ulempe for Stavanger, slik Sverdrupsen ser det. For mens ambisiøse kunststudentar må flytta ut av Stavanger,

ger, kjem dei flyttande til Bergen, både frå inn- og utland:

– Kunststudentar frå utlandet blir gjerne verande i Bergen etter enda utdanning, og sørger for eit meir mangfaldig kunstmiljø enn i Stavanger.

Men stadig tilførsel av friskt blod kjem også til Bergen på aller høgaste, faglege nivå:

– Fleire av professorstillingane på KMD er åremålsstillingar som blir fylde av internasjonale kapasitetar. Dermed er det stadig nytt påfyll av ny, kunstfagleg kompetanse, seier Sverdrupsen.

Dette tunge kunstfaglege universitetsmiljøet er i tillegg til si eiga utdanning av nye kunstnarar og utvikling av ny fagleg innsikt ein motor i samarbeidet mellom fakultetet og andre aktørar og fagfelt:

– Det kan vera med filosofar, teateret eller naturvitenskaplege miljø. Også dette manglar i Stavanger, seier Sverdrupsen.

Universitetet i Stavanger (UiS) har eit fakultet for kunstfag, men her er det framfor alt musikken som dominerer. På biletkunsthøgskolen tilbyr UiS berre eit årsstudium i kunst og handverk, retta inn mot pedagogisk arbeid i grunnskulen. Ein utdannar altså ikkje biletkunstnarar i Stavanger, men lærarar.

– Samarbeidet mellom UiS og Stavangers kunstscene er mindre synleg enn samarbeidet mellom KMD og Bergens kunstscene, samanfatar Sverdrupsen.

Bergenske fortrinn

Ho trekker fram eit par andre bergenske fortrinn:

Kunstriennalen Bergen Assembly gir byen ei sterk internasjonal tilknytning og sørgjer for nye impulsar på høgt nivå til den lokale kunstscenen.

– Bergen Assembly fargar og pregar heile byen i fleire månader kvart tredje år, seier Sverdrupsen.

Stavanger har ikkje ein slik samtidskunstfestival.

Stavangerregionen har heller ikkje lenger ein årleg festival der kunstnarane opnar opp galleria sine og inviterer publikum inn, slik Bergen har i B-Open. Sverdrupsen ser B-Open som ein fin sjanse for publikum å bli betre kjende med kunstnarane i byen.

– Ja, og så gir Rogaland fylke mindre i driftsstøtte til sitt kunstsenter enn naboen i nord. Dei får fire millionar, me får halvannan. Det gir oss noko mindre handlingsrom, seier Sverdrupsen.

Stavangers fortrinn

Til gjengjeld gjer den fysiske storleiken at kunstsenteret på Nytorget har kapasitet til å gjennomføra store prosjekt og arrangement. Det kan vera eit møtepunkt for byens kunstnarar, endåtil med eige kunstfagleg bibliotek.

For Stavanger har også sine fordelar:

– Stavanger kommune gir sjenerøs støtte til kunstsenteret, og er på 3.-plass blant landets kommunar i driftsstøtte. Bergen er på 11.-plass, seier Sverdrupsen.

Ho rosar også velviljen i Stavanger, at ein jobbar systematisk med kva kunsten kan bidra med for å gjera byen betre å leva i – som når kunst er ein del av smartbysatsinga. Ho ser også at det er mykje aktivitet rundt kunst i det offentlege rommet, at det er vilje til å få gjennomført slike kunstprosjekt i Stavanger.

Sverdrupsen meiner å sjå ein stavangersk kunstscene som tek vare på sine lokale kunstnarar i form av utstillingsstader og arrangement – i større grad enn i gamle Hordaland.

– Og så er det eit punkt som handlar om sånne som deg, nemleg god mediedekning av lokal kunst og kultur, seier Sverdrupsen.

Mens den daglege leiaren for Hordaland kunstsenter har blitt intervjuet nøyaktig null gonger i løpet av sine tre år på senteret, kom første omtale av Sverdrupsen som ny leiar for Rogaland kunstsenter allereie to månader før ho begynte i jobben.

– Årsaka til at me får meir medieomtale er truleg at Rogaland kunstsenter utgjer ein større del av den lokale kunstscenen enn

Hordaland kunstsenter gjer i Bergen, seier ho.

Oversiktleg i Stavanger

Sverdrupsen seier ho er blitt teken svært godt imot i sin nye jobb. Telefonen har ringt konstant, ho har allereie drukke mang ein kaffikopp med kunstnarar frå regionen i sin korte karriere på kunstsenteret.

– Mens kunstnarar i Bergen gjerne kjenner til kvarandre, verkar det som om kunstnarane i Stavanger kjenner kvarandre personleg og har god oversikt over andre driv på med, seier ho.

Men så er Stavanger også ein mindre (kunst) by enn Bergen, på godt og vondt. Ein kunstby mange kunstnarar flyttar frå, enten for å utdanna seg eller for å finna større fagmiljø. Er Bergen stor nok til å halda på – og tiltrekka seg – kunstnarar?

– Fram til rundt 2008 flytta «alle» ambisiøse bergenskunstnarar tilsynelatande til Oslo, deretter til Berlin. Men så skjedde det noko. Folk blei verande, og laga i staden sine egne atelier og fellesskap.

– Kvifor skjedde dette skiftet?

– Kommunen viste stor velvilje og la aktivt til rette for at folk skulle bli.

Sverdrupsen presiserer at kunstnarar sjølv sagt også flyttar frå Bergen, til dømes når dei stiftar familie og kanskje vil flytta tilbake til der dei kom frå.

Flytta tilbake?

Men her ligg altså noko av Stavangers utfordring:

– Ulempa for ein by utan kunstnarutdanning er at folk må flytta ut for å ta utdanninga si. Dei blir borte i mange år, for så eventuelt å koma tilbake. Og då er «eventuelt» det sentrale ordet, seier Sverdrupsen.

– Kva seier folk i kunstmiljøet i Bergen om Stavanger som kunstby?

– Eg har inntrykk av at kunstmiljøet i Stavanger veit meir om kunstmiljøet i Bergen enn vice versa. Ein snakkar om kunsthøgskolen, om kunstinstitusjonane og om Tou Scene, som har markert seg. Men det blir ikkje snakka om Universitetet i Stavanger i samband med biletkunst.